



# Høgskulen på Vestlandet

## Bacheloroppgave

BSS9-H-2022-VÅR-FLOWassign

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	13-05-2022 09:00	<b>Termin:</b>	2022 VÅR
<b>Sluttdato:</b>	27-05-2022 14:00	<b>Vurderingsform:</b>	Norsk 6-trinns skala (A-F)
<b>Eksamensform:</b>	Bacheloroppgave		
<b>Flowkode:</b>	203 BSS9 1 H 2022 VÅR		
<b>Intern sensor:</b>	(Anonymisert)		

### Deltaker

<b>Kandidatnr.:</b>	457
---------------------	-----

### Informasjon fra deltaker

<b>Antall ord *:</b>	7925
----------------------	------

**Egenerklæring \*:** Ja  
**Jeg bekrefter at jeg har** Ja  
**registrert**  
**oppgavetittelen på**  
**norsk og engelsk i**  
**StudentWeb og vet at**  
**denne vil stå på**  
**vitnemålet mitt \*:**

### Gruppe

<b>Gruppenavn:</b>	(Anonymisert)
<b>Gruppenummer:</b>	70
<b>Andre medlemmer i gruppen:</b>	Deltakeren har innlevert i en enkeltmannsgruppe

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min \*

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \*

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \*

Nei



# BACHELOROPPGAVE

Barn som pårørende når foreldre har kreft i  
palliativ fase

Children as relatives when parents have  
cancer in the palliative phase

**Kandidatnummer: 457**

Sjukepleie

Institutt for helse-og omsorgsvitenskap

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Innleveringsdato 27.05.22

Antall ord: 7925

Jeg bekrefter at arbeidet er selvstendig utarbeidet, og at referanser/kildehenvisninger til alle kilder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.

## **ABSTRACT:**

**Title:** Children as relatives when parents have cancer in the palliative phase

**Background:** Every year around 3500 children and adolescents under the age of 18 years, endure that one parent gets cancer. These are numbers from the Cancer Registry in Norway, which also show that more than 34 000 children and adolescents under the age of 18 years, have a parent, who either has cancer or has had cancer. In 2010 and 2018, there were legislative changes that were to ensure the rights of children and adolescents as relatives.

**Purpose:** The aim of this study was to shed light on children and adolescents experiences as relatives of parents with cancer in palliative phase, and to find out how the nurses can take care of these children in the best possible way.

**Method:** Literature study, where selected research articles and literature is used to reply the research question.

**Results:** The literature search resulted in 366 articles, of which 3 articles were included in this literature study. Nurses experiences the challenge of adequately caring for the children as relatives of cancer patients in palliative phase. The results show the lack of knowledge and information, poor facilitation of support for the children, little time and resources, and not age-appropriate communication with the children.

**Conclusions:** The results indicates that health service does not have a good enough focus on children as relatives, and that the legislative changes in 2010 and 2018 are not followed up well enough. It needs to be provided information and knowledge to all parts involved. The children needs to be supported in their unique situation, adapt the communication based on the childrens' age, experience and situation, maintain routines, and finally help the children look ahead. The nurses should be given more emphasis in the nursing education to strengthening the knowledge, information and communication skills. To do that, the management need to support and facilitate this for the nurses.

# Innholdsfortegnelse

1.0 Innleiing	5
1.1 Sjukepleiars mandat	5
1.2 Bakgrunn for val av tema	5
1.3 Problemstilling	6
1.3.1 Avgrensningar	6
1.4 Begrepsavklaringer	7
1.4.1 Barn som pårørande	7
1.4.2 Palliativ fase/ palliasjon	7
2.0 Teori	8
2.1 Kreft	8
2.1.1 Palliativ fase	8
2.2 Barn	9
2.2.1 Barn som pårørande	9
2.2.2 Kommunikasjon med barn	9
2.2.3 Utviklingsteorien til Erikson	9
2.3 Teori om omsorg, stress og mestring, og krise	10
2.3.1 Martinsens omsorgsteori	10
2.3.2 Benner og Wrubel's teori om stress og mestring	10
2.3.3 Stress- sårbarhetsmodellen	11
2.3.4 Cullberg sin kriseteori	11
2.4 Juss og etikk	11
3.0 Metode	13
3.1 Litteraturstudie som metode	13
3.2 PICO, MeSH og boolske operatører	13
3.3 Val av databaser	13
3.4 Søkeprosess	14
3.4.1 Inklusjons-kriteriar	14

3.5 Kritisk vurdering av artiklar	15
3.6 Analyse og syntese	15
3.7 Etisk drøfting	15
3.8 Metodekritikk	16
4.0 Resultat	18
4.1 Barn treng kunnskap og informasjon om forelderen sin situasjon	18
4.2 Barna trenger å bli møtt på sine behov og støttes ved å oppretthalde rutinar	19
4.3 Å kommunisere opent om sjukdommen er utfordrande	19
4.3.1 Kommunikasjon mellom barn og foreldre	19
4.3.2 Kommunikasjonen mellom barnet og sjukepleiaren	20
4.3.3 Kommunikasjon mellom foreldre og sjukepleiarar	21
4.4 Betydninga av å sjå framover	21
5.0 Diskusjon	23
5.1.1 Barn trenger kunnskap og informasjon om forelderen sin situasjon	23
5.1.2 Barna trenger å bli møtt på sine behov og støttes ved å oppretthalde rutinar	24
5.1.3 Å kommunisere opent om sjukdommen er utfordrande	26
5.1.4 Betydninga av å sjå framover	28
5.2 Metodediskusjon	29
6.0 Konklusjon	31
7.0 Kjeldeliste	32
Vedlegg	37
Vedlegg 1 PICO-skjema	37
Vedlegg 2 PRISMA-FLOW diagram	38
Vedlegg 3 Oversikt over søkehistorikk	39
Vedlegg 4. Litteraturmatrise	40

# 1.0 Innleiing

I løpet av livet vil 1/3 av befolkninga oppleve å få ein kreftdiagnose. Kvart år får ca 35 000 nordmenn kreft, og 3500 barn og unge under 18 år opplever at ein av foreldra får kreft. I løpet av eit år er det 700 barn og unge som mister ein forelder av kreft. Tal frå kreftregisteret viser at 34 000 barn og unge lever med mor eller far som enten har hatt eller har kreft (Kreftregisteret, 2021).

01.01.2010 kom det endringar i Helsepersonellova som sikra barn og unge sine rettigheitar som pårørande (Dyregrov, 2012, s. 44). I 2018 vart lova utvida til også å inkludere søsken som pårørande (Helsedirektoratet, 2018, § 10a). I henhold til Helsepersonellova er barn som pårørande, alle barn under 18 år, til foreldre eller søsken med psykisk sjukdom, rusmiddelavhengigheit eller alvorleg somatisk sjukdom eller skade (Helsepersonelloven, 1999, § 10a).

## 1.1 Sjukepleiars mandat

”Grunnlaget for all sykepleie skal være respekten for det enkelte menneskets liv og iboende verdighet. Sykepleie skal bygge på barmhjertighet, omsorg og respekt for menneskerettighetene” (Norsk sykepleierforbund, u. å.). Sjukepleiarar skal også, etter NSF sine retningslinjer, bidra til ivaretakinga av barnas særskilte behov når dei er pårørande (Norsk sykepleierforbund, u. å.).

## 1.2 Bakgrunn for val av tema

Tidlegare forskning viser at barn blir sterkt berørte ved foreldres kreftsjukdom eller død, dei har auka risiko for angst, depresjon og sorgreaksjonar, samt at dei slit med sosiale tilpassinga og eksistensielle spørsmål (Dyregrov, 2012, s. 45). I eit multisenterstudie fra 2015 (Ruud et al.) konkluderast det med at barn som pårørande fortsatt er eit viktig tema som må fokuserast meir på. Nokre av hovudfunna var at behova for informasjon og tilpassa hjelp er i stor grad udekkja, at barn og ungdom har behov for å snakke om sin situasjon, og at

lovendringa i 2010 ikkje har i tilstrekkeleg grad ført til dei planlagte endringane, så det er nødvendig med ytterlegare tiltak. Det kjem også fram at helsepersonellet i spesialisthelsetenesta har begrensa kompetanse i familiefokusert praksis og at dei følgjer berre delvis opp loven om barn som pårørande (Ruud et al., 2015, s. 11). Alt dette tyder på at noko må gjerast for å sikre framtidige barn som pårørande god hjelp og støtte.

I sjukehuspraksisen var eg på ei kreftavdeling. Her møtte eg menneskjer med ulike kreftsjukdommar og deira pårørande. Eg opplevde gjennom denne praksisperioden at ivaretagelse av pårørande var ei viktig oppgåve. I tillegg til erfaring frå praksis, har eg sjølv vore pårørande til bestefar med kreft og eg har også mange veninner som har opplevd å vere barn som pårørande til ein forelder med kreft.

Med bakgrunn i tidlegare forskning og egne erfaringar frå praksis, valte eg å skrive bacheloroppgåve med temaet barn som pårørande. Formålet med denne bacheloroppgåva er å belyse barn og unges opplevingar og erfaringar som pårørande til foreldre med kreft i palliativ fase, for å gi betre forståelse på korleis sjukepleiar kan ivareta desse barna på best mogleg måte.

### 1.3 Problemstilling

- Korleis kan sjukepleiarar ivareta barn, i alderen 8-18 år, som pårørande når foreldre har kreft i palliativ fase?

#### 1.3.1 Avgrensningar

For å ikkje gå så mykje i bredden har eg valt å avgrense barnets alder til aldersgruppa 8-18år. Frå fylte åtte år er barna i stand til å sjå sosiale samanhenger og dei forstår i større grad andre sine reaksjonar. Frå 12-års alderen byrjar barna å tenke meir hypotetisk og abstrakt, og kan forestille seg korleis noko kan vere (Eide & Eide, 2017, s. 302).



## 1.4 Begrepsavklaringer

### 1.4.1 Barn som pårørende

Barn er pårørende dersom ein i familien, søsken eller forelder, blir sjuk eller skada, har eit rusmiddelproblem eller funksjonsnedsettelse. Barn i denne samanhengen meinast barn under 18 år og omfattar både biologiske barn, adoptivbarn, stebarn og fosterbarn, i tillegg til å omfatte biologiske søsken og andre barn som lever med pasienten som søsken (Helsedirektoratet, 2018, § 10a).

### 1.4.2 Palliativ fase/ palliasjon

”Den palliative fasen er en prosess som starter når det erkjennes at sykdommen er uhelbredelig, og avsluttes når pasienten dør” (Roaldset & Aass, 2021).

”Palliasjon er aktiv behandling, pleie og omsorg for pasientar med uhelbredelig sykdom og kort forventet levetid. Målet er best mulig livskvalitet for pasienten og de pårørende” (Norsk Palliativ Forening, 2022).

## 2.0 Teori

I teoridelen vil eg presentere litteratur som er relevant for å kunne svare på mi problemstilling.

### 2.1 Kreft

Kreft er ein samlebetegnelse på rundt 200 ulike kreftformer (Kreftforeningen, 2022). Det er ein utbredt diagnose svært mange blir berørt av, anten direkte eller indirekte som pårørende, og statistikk frå 2020 viser at ein av tre nordmenn har fått minst ein kreftdiagnose før fylte 75 år. Sjølv om andelen krefttilfeller aukar, er det stadig fleire som overlever og blir heilt friske. Dette skyldast ein kombinasjon av førebygging, tidlegare diagnostisering, og betre tilpassa behandlingsmetodar for dei ulike kreftformane. Til tross høgare overlevelse, døde nesten 11.000 nordmenn av kreft i 2020 (Kreftregisteret, 2021).

#### 2.1.1 Palliativ fase

Moderne kreftbehandling medfører at fleire pasientar lever lengre med kreften, og antall pasientar med behov for palliativ behandling, omsorg og pleie aukar. I 2011 kom WHO med ein ny definisjon av palliasjon, som seier følgande: "Palliativ behandling, pleie og omsorg er ein tilnæringsmåte som har til hensikt å forbetre livskvaliteten til pasientar og deira familie i møte med livstruande sjukdom, gjennom førebygging og lindring av liding, ved tidleg identifisering, grundig kartlegging, vurdering og behandling av smerte og andre problemar av fysisk, psykososial og åndeleg art" (Roaldset & Aass, 2021). Palliativ behandling kan delast inn etter behandlingsintensjonen: livsforlengende, symptomlindrande eller symptomførebyggande. Den palliative fasen kan vare i alt frå få dagar, månadar, til mange år. Fasen inkluderar også sorgarbeid og oppfølging av etterlate. (Roaldset & Aass, 2021).

## 2.2 Barn

### 2.2.1 Barn som pårørende

Alt arbeid med barn som pårørende skal skje i samråd og samarbeid med pasienten, og det skal skje innfor rammene av taushetsplikta. Det er derfor viktig at helsepersonell innhenter samtykke frå den sjuke. Det er først og fremst foreldre sjølv som må avgjere om dei skal ta kontakt med helsetenesta for å få hjelp til barn og unge, men helsepersonell skal bistå foreldre med å ta vare på barn som pårørende (Helsepersonelloven, 1999, § 10a).

### 2.2.2 Kommunikasjon med barn

Begrepet kommunikasjon definerast "kommunikasjon er det å formidle og dele idear og informasjon, for eksempel ved hjelp av språk" (Allott, 2019). Kommunikasjon kan vere både verbal, i form av ord og språk, og nonverbal, i form av augekontakt, mimikk eller kroppsholdning (Svartdal, 2020). Å kommunisere med barn kan vere svært utfordrande då det er store individuelle ulikheiter mellom barn på same alder (Osen et al., 2019, s. 52). Barn har ulike behov og ulik evne til å ta inn informasjon og bearbeide inntrykk og opplevingar, og samtaler med barn som pårørende har derfor eit informativt og støttande mål (Osen et al., 2019, s. 44).

### 2.2.3 Utviklingsteorien til Erikson

Erik Erikson var opptatt av barn og unges utvikling og er kjent for sin teori om personlegheitsutvikling. Han meinte at personlegheita utviklar seg i åtte fasar knytta til bestemte alderstrinn, der kvar fase inneheld kriser og moglegheiter. Erikson meinte også at; "utvikling i livet er knyttet til begreper som nærhet, tillit, identitet, seksualitet, familie og arbeid" (Håkonsen, 2017, s. 57). I oppgåva mi tek eg for meg barn i alderen 8-18 år, og vil derfor gå nærmare inn på den fjerde fasen *kreativitet versus underlegenheit* (6-14 år), og den femte fasen *identitet versus forvirring* (14-20 år) (Håkonsen, 2017, s. 57).

I den fjerde fasen, kreativitet versus underlegenheit, er barnet opptatt av å lære aktivitetar, både fysiske og intellektuelle. Erikson meiner at ein "skapande" eller "underlegen"

grunnhaldning, vil saman med resultatata frå dei tidlegare livskrisane, vere viktige element i den vidare personlegheitsutviklinga. I denne fasen vil eit gunstig resultat vere at barnet utviklar kompetanse og ferdigheiter, som kan hjelpe på ulike områder i livet (Håkonsen, 2017, s. 57).

I den femte fasen, identitet versus forvirring, meiner Erikson at forandringane er dramatiske, både på grunn av biologiske faktorar, men og på grunn av den sosiale utviklinga. Livskriser frå dei tidlegare fasane blir ofte gjennomlevd på nytt i desse åra då store kjenslemessige og sosiale spenningar oppstår, i tillegg til at den vaksne verda stadig nærmar seg. Eit gunstig resultat frå denne fasen er å oppleve meining og forutsigbarheit der individet opplever å kontrollere livet sitt, då denne fasen er spesielt viktig for utviklinga av individets egoidentitet. Resultata frå tidlegare livskriser, håp, vilje, hensikt og kompetanse, har alle grunnlagt egoidentitet. (Håkonsen, 2017, s. 57).

## 2.3 Teori om omsorg, stress og mestring, og krise

### 2.3.1 Martinsens omsorgsteori

Kari Martinsens definerer omsorg som "Omsorg er en fundamental grunnholdning i tilnærmingen til pasienten. Omsorg som moralsk skjønn er innlevelse i situasjonen, og en faglig vurdering basert på kunnskap om lidelsens grunner, kombinert med tiltak som kan avhjelpe lidelsen" (Kirkevold, 1998, s. 177).

### 2.3.2 Benner og Wrubel's teori om stress og mestring

Patricia Benner og Judith Wrubel definerer stress som "eit brudd i meining, forståelse og uhemma funksjon slik at fare, tap eller utfordring erfarast, og sorg, tolkning eller nye ferdigheiter er påkrevd". Mestring er eit anna begrep i teorien deira, og forklarar forholdet mellom stress og mestring slik: "Stress er opplevelsen av brudd i meining, forståelse og uhemma funksjon. Mestring er det man gjer med dette bruddet" (Kirkevold, 1998, s. 202).

### 2.3.3 Stress- sårbarhetsmodellen

”Stress-sårbarhetsmodellen er en grunnleggende tankemodell for forståelse av hvordan psykisk lidelse oppstår i et komplekst samspill mellom arv og miljø. Tankemodellen forklarer hvordan psykisk lidelse skapes i en kombinasjon av enn foreliggende sårbarhet på den ene siden og stress som overstiger det personen klarer å hanske med, på den andre siden” (Zubin & Spring, 1977, sitert i Tviberg et al., 2021, s. 202).

### 2.3.4 Cullberg sin kriseteori

Johan Cullberg delte kriseforløpet i fire faser: *sjokkfasen*, *reaksjonsfasen*, *bearbeidingsfasen* og *nyorienteringsfasen*. I sjokkfasen opplever ein eit emosjonelt kaos der det er umogleg å forstå hensikta eller meininga med det som har skjedd. I reaksjonsfasen vil reaksjonar som sorg og depresjon saman med dårleg matlyst og søvnevanskar, vere vanleg når personen tar verkelegheita inn over seg. Bearbeidingsfasen, som kan vare i opp til fleire år, inneberer å akseptere det som har skjedd og forsøke å gi tilværelsen eitt nytt innhald og meining. I den siste fasen, *nyorienteringsfasen*, vil personen akseptert hendinga og lage seg ei ny plattform for livet sitt. Livshendelser eller traumatiske hendingar vil kanskje aldri bli heilt ferdig bearbeida, men når ein er komt i nyorienteringsfasen vil ikkje slike hendingar dominerer like psykisk (Håkonsen, 2017, s. 256).

## 2.4 Juss og etikk

I Helsepersonellova §10a er det nedfelt at helsepersonell har ei plikt til å avklare om pasienten har barn eller mindreårige søsken, avklare barnas omsorgssituasjon og informasjonsbehov, gi råd og veilede foreldre og andre med foreldreansvar, og planlegge og gjennomføre tiltak i samarbeid med foreldrene. Arbeidet med barn som pårørende skal, så langt som mogleg, skje i samråd og samarbeid med pasienten, og alt skal i utgangspunktet skje innafor rammene av taushetsplikta. Ein treng derfor samtykke frå den som er sjuk for å ivareta barna og samarbeide med andre (Helsepersonelloven, 1999, § 10a).

Desse lovbestemmelsane bygger på barnekonvensjonen, som seier blant anna; ”ved alle handlinger som berører barn, skal det grunnleggende hensynet være barnets beste”, ”Staten plikter så langt som mulig å sørge for at barn overlever og utvikler seg”, og ”Barnet har rett

til å si sin mening i alt som vedrører det, og barnets meninger skal tillegges vekt” (Barne- og familiedepartementet, 2000).

I Spesialisthelsetenestelova §3-7a (1999) er det nedfelt at alle helseinstitusjonar som omfattast av spesialisthelsetenestelova, skal i nødvendig utstrekning ha barneansvarleg personell. Desse skal ha ansvar for å fremme og koordinere helsepersonells oppfølging av mindreårige barn som pårørende av psykisk sjuke, rusmiddelavhengige, alvorleg somatisk sjuke eller skadde pasientar.

## 3.0 Metode

Metode er den systematiske framgangsmåten du nyttar for å samle inn informasjon og kunnskap for å belyse ei problemstilling (Thidemann, 2020, s. 74).

### 3.1 Litteraturstudie som metode

I bacheloroppgåva har eg valt å bruke litteraturstudie som metode. Ein litteraturstudie er ein studie som systematiserer kunnskap frå skriftlege kjelder. Dette inneberer å samle inn litteratur frå bøker, tidsskrifter og databaser, gå kritisk gjennom dette og til slutt samanfatte det heile (Thidemann, 2020, s. 77). Hensikta med litteraturstudiar er å gi lesaren ein oppdatert og god forståing av kunnskapen på det området som problemstillinga etterspør og beskrive korleis ein har kome fram til denne kunnskapen (Thidemann, 2020, s. 78).

### 3.2 PICO, MeSH og boolske operatører

For å få ein systematisk og effektiv søkestrategi, som kan gi meir relevante treff, har eg tatt i bruk rammeverket PICO. Rammeverket har fleire funksjonar som skal hjelpe deg i arbeidet med å operasjonalisere problemstillinga, slik at den blir presis og søkbar, og står for population, (phenomenon of) interest og context (Thidemann, 2020, s. 82). Eg gjekk inn på terminologibasen MeSH. MeSH "er eit verktøy for begrepsforståelse av medisinske og helsefaglege termer på norsk og engelsk" (Skjerdal, 2016), og bidrar til å gi meir presise søk av god kvalitet. Etter å ha laga PICO-skjemaet (vedlegg 1, s. 37) ved hjelp av MeSH-termer, var neste steg å finne ut kva databaser ein skulle velge. Søkeorda frå PICO`en vart anten kombinert med AND og OR. AND blir brukt for å kombinere fleire søkeord, medan OR blir brukt for å anten søke på det eine eller det andre søkeordet.

### 3.3 Val av databaser

Når eg skulle finne relevant forskning og teori til problemstillinga mi, nytta eg meg av Høgskulen på Vestlandet sin bibliotek- nettside. Her er det fleire ulike måtar å finne

fagressurssar på, eksempel databasar, bøker, artiklar og avisar (Høgskulen på Vestlandet, 2022). Databasane eg valte å bruke var *BMJ Best Practice*, eit medisinsk og helsefagleg oppslagsverk for primær- og spesialisthelsetjenesten, og *UpToDate*, eit kunnskapsbasert oppslagsverk som dekker emner innafør medisinske spesialiteter (Høgskulen på Vestlandet, u. å.). Vidare brukte eg *Epistemonikos*, *MEDLINE*, *CINAHL*, *PubMed* og *PsycINFO*, då dette er sjukepleiefaglege databaser.

### 3.4 Søkeprosess

Ved søk etter relevant litteratur brukte eg kunnskapspyramiden frå Helsebiblioteket (2016), som er ein modell som hjelper deg å velje kva ein skal søke etter og kvar du skal finne det. Øvst på kunnskapspyramiden finn ein oppsummert forskning, nederst finn ein kjelder til enkeltstudiar. Søkinga starta på *BMJ Best Practice* og *UpToDate*, før eg gjekk vidare til *Epistemonikos*, *MEDLINE*, *CINAHL*, *PubMed* og *PsycINFO*. Eg fekk hjelp av bibliotekar frå skulen til å søke i dei ulike databasane, for å sikre at eg ikkje gjekk glipp av viktige artiklar. I tillegg til å søke på databaser, har eg også sett på kildene til andre bacheloroppgåver og brukt bøker for å innhente relevant teori.

Fleire gonger gav søka færre og dårlegare treff, når fleire søkeord vart kombinert, medan bruk av få søkeord gav meir relevante treff. For å finne relevante studiar for oppgåva mi las eg abstracten til studiane for å sjå om målet og funna i studiane kunne brukast til å svare på mi probelmstilling. Etter å ha ekskludert 348 studiar ved å lest abstracten og resultatata, las eg gjennom dei 18 resterande studiane som var relevante. Vidare sjekka eg om dei passa med inklusjonskriteria.

#### 3.4.1 Inklusjons-kriteriar

For å tydeleggjere litteratursøket og avgrense mengda litteratur, har eg inklusjons-kriteriar (Thidemann, 2020, s. 83). Studiane som vart inkludert måtte omhandle; barn under 18 år som pårørande til forelder/foreldre med kreft i palliativ fase, engelsk og/eller norsk som språk og studiar publisert etter 2016. 15 studiar vart fjerna då dei ikkje oppfylte



inklusionskriteriane. Dei tre resterande studiane vart kritisk vurdert ved hjelp av sjekklister på Helsebiblioteket (2016). Dette er blitt presentert i vedlagt PRISMA-flow-skjema (vedlegg 2, s. 38).

### 3.5 Kritisk vurdering av artiklar

Hensikta med kritisk vurdering av valgte studier er å vurdere gyldigheita av informasjonen og resultatata i studien (Helsebiblioteket, u.å.). For å lette arbeidet med kritisk vurdering av studiane anbefalast det å bruke sjekklister som hjelpemiddel. Det finst ulike sjekklister for ulike typar studiedesign, og desse er laga som pedagogiske verktøy for å lære kritisk vurdering av vitenskaplege artiklar (Thidemann, 2020, s. 91). Eg gjekk gjennom sjekklister frå Helsebiblioteket (2016) som passa artiklane mine sine design (oversiktsartikkel, intervensjonsstudie, kvalitativ studie), og studiane innfridde alle kriteriar.

### 3.6 Analyse og syntese

”Å analysere en tekst er å granske hva teksten forteller, og du tolker teksten for å forstå den” (Thidemann, 2020, s. 92). Når eg skulle analysere resultatata til studiane eg har valt, laga eg ein litteraturmatrise. Litteraturmatrise er eit hjelpemiddel der studiane samanstillast og det blir notert viktig informasjon frå kvar av artiklane som ein har valt. Dette gir oversiktleg kontroll på kva hovudelementa i kvar studie er, i tillegg til å sjå alle elementa samla (Thidemann, 2020, s. 95). Etter å ha lagt studiane inn i matrisen (vedlegg 4, s. 40) kunne ein lettare sjå lik- og ulikheiter og gjentakande funn. Dei gjentakande funna vart kategorisert og fargekoda, og presenterast narrativt i resultatdelen.

### 3.7 Etisk drøfting

Forskere og forskningsinstitusjonar har eit lovfesta ansvar for å sikre at forskningsetiske normer blir fulgt i all forskning (Kunnskapsdepartementet, 2021). Forskning på mindreårige barn, og i dette tilfellet som pårørende, er ein ekstra sårbar gruppe (Solbakk, 2014). I alle studiene eg har funne har dei tatt hensyn til dette (Eklund et al., 2020, s. 9; Hanna et al.,

2019, s. 20; Hauger et al., 2020, s. 270). I studiane hadde deltakarane fått skriftleg og munnleg informasjon om hensikta med artikkelen og kva deltakelse innebar, i tillegg til å innhente samtykke frå både foreldra og barnet. Det var frivillig å delta og all data var anonymisert i tråd med regionale komiteer (REK) (Kunnskapsdepartementet, 2021).

I søka har eg jobba transparent, men eg som forsker i andre sin litteratur har mine egne "briller på", noko som vil påverke utvelgelsen av artiklar. Dette gjer at det aldri vil bli heilt objektivt i arbeidet med litteraturstudium, og eg vil derfor no vere kritisk til metoden.

### 3.8 Metodekritikk

Ved val av databasar tok eg utgangspunkt i dei databasane som var egna for sjukepleiarar. Av alle databasane som er tilgjengeleg, brukte eg berre eitt fåtall av dei. Dette kan ha påverka utvalget av funna. I tillegg kan min mangel på erfaring med å søke etter studiar, påverke kva eg har funnet. Søkeorda, og kombinasjonen av dei, er også med på å påverke utvalget. Valga ein tek får konsekvens for resultata, men eg har jobba transparent og holdt meg så sakleg som mogleg.

Når eg skulle finne forskningslitteratur var det viktig at studiane eg skulle inkludere var nyare enn 5-6 år. Sjukepleiaryrket er i stadig endring og sjukepleiarar har plikt til å halde seg fagleg oppdaterte (Norsk sykepleierforbund, u. å.). Av studiane eg valgte å bruke, er den eldste publisert i 2019.

Alle artikkane eg har funne er skrevet på engelsk utenom ein. Da engelsk-språket har fleire ord i sitt vokabular, kan det ved oversettelse frå engelsk til norsk ligge eit element av fortolking i oversettelsen. I tillegg er ikkje engelsk mitt morsmål, noko som også kan føre til tolkning og gje rom for misstolkning.

Dei tre artikkane eg valgte ut var kvalitativ studie, intervensjonsstudie og systematisk oversiktartikkel. Å inkludere fleire ulike studiemetodar kan gi resultatar som vi ikkje kunne fått ved å berre inkludere ein metode. Likevel er det den kvalitative studien og

oversiktsartikkelen, som legger grunnsteinen for oppgåven, då det er desse som gir barna sine erfaringar med eigne ord. Samtidig må ein vere oppmerksam på at nokre av desse kvalitative studia berre har nokre frå deltakarar. Å bruke ein oversiktsartikkel kan i nokre tilfeller gi ei god oversikt over forskning som er blitt gjort tidlegare på same området, men ofte kan slike studiar også innehalde eldre og utdaterte artiklar som gjer at dei kan bli utelukka. Likevel har eg valt å bruke ein oversiktsartikkel i min litteraturstudie, då den kan gi ei god oversikt over kva barna meiner fungerer og ikkje, for å finne ut kva vi må gjere for å forbetre oss på området *barn som pårørnde*. Ved å bruke ein intervensjonsstudie i litteraturstudien min, får eg belyst kva intervensjon som eventuelt fungere og ikkje, for å ivareta barna som pårørnde.

## 4.0 Resultat

Etter søk og bruk av inklusjonskriteriar, endte eg opp med tre artiklar (vedlegg 3, s. 39). Desse er satt inn i ein resultatmatrise (vedlegg 4, s. 40). Under vil teamene som svarer på min problemstilling og som særleg gjentok seg bli presentert i fire kategoriar.

### 4.1 Barn treng kunnskap og informasjon om forelderen sin situasjon

Studien til Hanna, McCaughan og Semple (2019, s. 5) viser at barna har behov for deltatt og konsistent informasjon på tvers av sjukdomsforløpet. Ved manglande informasjon rapporterte barna kjensler av ekskludering, lav sjølvtilitt og bitterheit etter forelderens død (Hanna et al., 2019, s. 16).

Resultatar frå intervensjonsstudien til Eklund, Alvariza, Kreicbergs, Jalmsell og Lövgren (2020, s. 5) viser at etter at barna hadde deltatt på "Family Talk Intervention" (FTI), hadde fleirtalet fått auka kunnskap om forelderen sin sjukdom. Resultata frå dei to studiane viser at barna treng informasjon og kunnskap tilpassa alder og erfaring, då dei ellers ikkje ville forstå kva som vart sagt (Eklund et al., 2020, s. 6; Hanna et al., 2019, s. 5).

I studien om sjukepleiarane sitt perspektiv på barn som pårørande, rapporterte dei opplevelsen av utilstrekkeligheit både ved å ikkje ha tilstrekkeleg med tid, ressursar, kunnskapar eller erfaringar (Hauger, Wiker, & Hamnes, 2020, s. 271). Sjukepleiarane opplevde også at det var lite undervisning om barn som pårørande, og at dei derfor mangla kompetanse for å kunne ivareta barna. Dei meinte også "at det var viktig med felles opplæringstiltak for å sikre en felles rutine for hvordan man møter, ivaretar og følger opp barna" (Hauger et al., 2020, s. 272).

## 4.2 Barna trenger å bli møtt på sine behov og støttes ved å oppretthalde rutinar

I studien til Hanna et al. (2019, s. 17) kjem det fram at det å bruke allerede eksisterande nettverk, for eksempel utivda medlemmar av familie og venner, vart sett på som støttande for både foreldra og barna. Sjukepleiarane opplev at dei ikkje strekk til og at ivaretaginga av palliative pasientar på den eine sida, og familien på den andre sida, krev tid dei ikkje har (Hauger et al., 2020, s. 271).

To av studiane viser at profesjonell rådgiving og veiledning var noko barna og foreldra satt pris på og fekk nytte av (Eklund et al., 2020, s. 6; Hanna et al., 2019, s. 18). Sjukepleiarane ytra eit behov for fokus på og implementering av fagområdet barn som pårørande (Hauger et al., 2020, s. 272). Dei ytra også eit ønske om ein barneansvarleg, og meinte det ville auke engasjementet rundt fagområdet (Hauger et al., 2020, s. 273).

Hanna et al. (2019, s. 17) fant at barna og foreldra hadde eit sterkt ønske om normalitet og rutinar. Kvardagslege aktivitetar vart ofte avbrutt på grunn av krava frå forelderens sjukdom, endringar i familiens dynamikk og økonomisk press. I same studie rapporterte barna at rutinane var ein beskyttelsessone kor dei hadde moglegheiter til å motta empatisk støtte frå venner til å dele bekymringar og samtidig få ein pause frå den intense og plagsomme situasjonen heime. Deltakinga i FTI hjalp barna til å få støtte frå andre enn familien (Eklund, et al., 2020, s. 6), og barna i Hanna et al. (2019, s. 18) syntes det var støttande å ha uformelle forbindelsar med ungdom som opplever det same som dei.

## 4.3 Å kommunisere opent om sjukdommen er utfordrande

### 4.3.1 Kommunikasjon mellom barn og foreldre

Foreldrene unngjekk ofte samtalar med barna om forelderens sjukdom, som ein metode for å beskytte barna sine mot kjenslemessige påverknadar av forelderens unngåelege død. Ofte nekta foreldra at døden var verkeleg og oppretthaldt håp og optimisme om at behandlinga kunne forlenge livet. Dette resulterte i at foreldra ikkje fekk eit behov for å informere og

forberede barna på døden, og feilvurderte ofte kva barna deira kunne forstå angående alvorlighetsgrada av situasjonen (Hanna et al., 2019, s. 5). Foreldra fortalte derimot om at open kommunikasjonen gav dei moglegheit til å skape minner saman som ein familie, oppretthalde og styrke foreldre-barn-forholdet, dele kjensler og usikkerheit, og la barna ta sine egne valg (Hanna et al., 2019, s. 16).

Etter å ha deltatt i FTI rapporterte barna i Eklund et al. (2020, s. 7) at dei vart meir mottaklege og betre til å forstå dei andre i familien sin ikkje-verbale kommunikasjon, slik som kjensler og reaksjonar. Fleirtalet av dei yngre barna frå same studie rapporterte også at dei syntes det var lettare å prate med foreldra sine og at det opna for kommunikasjon i familien. Ein tenåring frå same studie rapporterte likevel at det var viktig å fortsette kommunikasjonen i familien, då dette gav han ein kjensle av kontroll i tillegg til forståelse av foreldrenes situasjon (Eklund et al., 2020, s. 6-7).

Ved mangel på open kommunikasjon innad i familien kjente barna på å ikkje kunne innrømme korleis ein hadde det, og dei vart ofte motvillige til å gi uttrykk for sine emosjonelle, praktiske og mentale bekymringar. Dette var fordi barna frykta å forårsake ytterlegare sinne og frustrasjon hos foreldra. Mange av ungdommane rapporterte at dette førte til meir aggresjon når dei var med venane sine, medan dei resterande opplevde kjenslar av einsamheit, depresjon og angst (Hanna et al., 2019, s. 16).

#### 4.3.2 Kommunikasjonen mellom barnet og sjukepleiaren

I arbeid med barn som pårørende rapporterte sjukepleiarane at det var utfordrande og vanskeleg då dei ikkje visste kva dei skulle sei til barna. Det var og rapportert at sjukepleiarane var redde for å sei noko feil som kunne gjere barna sin situasjon verre, samtidig som dei følte dei ikkje nådde fram til barna. Til slutt kom det fram at fleire av sjukepleiarane påpeikte viktigheita av erfaring, som mange av dei ikkje hadde (Hauger et al., 2020, s. 271).

#### 4.3.3 Kommunikasjon mellom foreldre og sjukepleiarar

Mange foreldre ønska veiledning og støtte på korleis dei kunne kommunisere med barna sine, med fokus på ord og språk. Når foreldrane ikkje hadde klar informasjon eller forståelse av sjukdommen, rapporterte dei at dei var dårleg rusta til å diskutere og forberede barna sine på forelderens død (Hanna et al., 2019, s. 5). I same studie kjem det og fram at den friske foreldereren opplevde at helsepersonalet unngjekk å gi ærleg og tydeleg kommunikasjon for å bevare håpet og positiviteten i familien.

#### 4.4 Betydninga av å sjå framover

Å finne styrkar for å oppretthalde kvardagen og kunne sjå framover, til tross for foreldereren sin sjukdom, var noko FTI hjalp barna med. Barna i artikkelen til Eklund et al. (2020, s. 6) rapporterte at det var styrkande å sette ord på tankar og kjensler. Nokre av barna rapporterte at dei hadde byrja å hjelpe til i heimen, både for å gjere det enkelt for dei andre familiemedlemmane, men også for å førebygge konflikhtar (Eklund et al., 2020, s. 7).

Mange av barna rapporterte at det å planlegge ting fram i tid, eksempel å planlegge begravelsen, hadde hjulpet dei med å møte framtida. Etter at eit av barna hadde planlagt begravelsen sammen med sin døande forelder, fortalte ho at det føltes godt å få vere med og at ho kjente på kontroll. Dei hadde også diskutert kva dei eventuelt skulle gjere ved ein nødsituasjon og snakka saman om den føreståande døden (Eklund et al., 2020, s. 7).

I to av studiane kjem det fram at dei brukte meir kvalitetstid med familien sin (Eklund et al., 2020, s. 7; Hanna et al., 2019, s. 16), og barna rapporterte om tilfredstilheit med å sjå tilbake på positive minner fanga gjennom bilder, videoar, musikk og handtverk, i sorgperioden (Hanna et al., 2019, s. 16). Både foreldre og barn uttrykte ønske om å oppretthalde ein positiv atmosfære i heimen til tross for den føreståande døden. Barna rapporterte at dette gav dei tilknytning til foreldra (Hanna et al., 2019, s. 16).

Mange ungdommar rapporterte om problem med å akseptere forelderens død, og viste auka nivåar av frykt, angst og motstand, medan andre ungdommar starta prosessen med å

akseptere og sørge over forelderens død lenge før hendinga inntraff (Hanna et al., 2019, s. 17). På grunn av dette trengte foreldra å forstå barn og unges mestringsmekanismer for å kunne støtte dei i denne perioden, samtidig som barna vart anbefalt å vere meir villig til å opne seg og dele kjenslene sine med venner og familie (Hanna et al., 2019, s. 18).



## 5.0 Diskusjon

Hovudfunn frå litteraturstudien min tyder på at barna ikkje opplever å bli tilstrekkeleg ivaretatt når dei er pårørande til foreldre med kreft i palliativ fase. Informasjon og kunnskap er svært ønska av både barn, foreldre og sjukepleiarar, i tillegg til at kommunikasjonen mellom alle tre partane trengjer å bli betre. Resultata viser at barna trengjer at sjukepleiarane imøtekammer behov og støtte, samtidig som sjukepleiarane sjølv opplever manglande kunnskap, erfaringar og rutiner for å kunne ivareta desse barna.

### 5.1.1 Barn trengjer kunnskap og informasjon om forelderen sin situasjon

